



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Retningslinjer

Kapittel 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Kapittel 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling

DEL I

Innleiing

Retningslinene gjeld frå 1.1.2008.

Frå og med 2007 er det felles retningsliner for postane 60 og 61..

Føremålet med retningslinene er å fastleggja og formidla mål og avgrensingar som er knytte til bruk av distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel hos fylkeskommunane og dei aktørane som skal forvalta verkemiddel på vegne av fylkeskommunane. Vidare skal retningslinene medverke til ei einskapleg og forsvarleg økonomiforvaltning av dei distrikts- og regionalpolitiske midla, i tråd med *Reglement for økonomistyring i staten* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten* som blei fastsette 12. desember 2003.

Retningslinene er todelte. Del I omfattar mål og prinsipp for bruken av verkemidla. Del II gjeld meir tekniske krav. Vedlegg 1 inneheld dei mest aktuelle stønadsreglane i regionalstønadsregelverket/statsstønadsregelverket.

1 Nasjonale og fylkeskommunale mål og strategiar med verkemiddelbruken

Midla skal vera med på å realisera nasjonale og fylkeskommunale mål for regional utvikling, tilpassa regionale føresetnader. Dei fylkeskommunale måla for bruken av midlar som blir løyvde over kap. 551, postane 60 og 61, skal spegla dei overordna, nasjonale måla som gjeld til kvar tid for postane, slik desse måla er nedfelte i dei årlege budsjettproposisjonane (St.prp. nr. 1). Departementet kan utover dette gje utfyllande mål, krav og prioriteringar gjennom årlege tilskotsbrev til fylkeskommunane.

Midla skal hjelpe til med å vidareutvikla regionale fortrinn for å utløyse verdiskapingspotensialet i området. Tiltak som vert støtta må vera i tråd med mål og strategiar i fylkesplanen og handlingsprogrammet i fylkesplanen. Midla kan også fordelast som rammer til oppfølging av til dømes fylkesplanar, fylkesdelplanar, kommunale og regionale handlingsplanar/program eller til regionale/lokale næringsfond. Fylkeskommunane skal innanfor dei nasjonale måla sjølv utarbeide eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til mål for regional utvikling i fylkesplanen. Fylkeskommunane må og sørgje for å definere målgrupper og nærmare tildelingskriterium for midla.

2 Strategisk versus operativt ansvar

Det skal vera eit klart organisatorisk skilje mellom det strategiske og det operative ansvaret for bruken av midla når det gjeld direkte stønad til enkeltverksemdar. Fylkeskommunane skal ikkje vera operatørar for direkte stønad til enkeltverksemdar, men nytta Innovasjon Noreg som operatør. Unntaket er transportstønad. Det er likevel tillate at kommunane og regionråd tildelar direkte verksemdsretta stønad innanfor

regelverket for bagatellstønad (de minimis) og dei til ei kvar tid gjeldande gruppeunntaka. Dersom det blir gjeve direkte verksemdestønad i tråd med gruppeunntaka, skal tildelingane halda seg innanfor dei ytre økonomiske grenseverdiane som gjeld for de minimis-regelverket. Stønadsgjevar pliktar å skriftleg opplyse dei aktørane som får stønad med grunnlag i de minimis-regelverket om at stønad er å sjå på som bagatellstønad og samstundes syne til den gjeldande kommisjonsforordninga. Stønadsgjevar må og få skriftleg tilbakemelding frå stønadsmottakar om kva andre beløp stønadsmottakar har fått som bagatellstønad det aktuelle året og dei to føregåande åra. Fylkeskommunen og den regionale partnerskapen må avklara ei tenleg og tydeleg arbeidsdeling og samordning mellom bruk av kommunale/regionale næringsfond og ordningar som Innovasjon Noreg forvaltar.

Som nemnd over er det eit unntak til hovudregelen om at fylkeskommunane ikkje kan vera operatør for dei direkte verksemdsretta verkemidla. Fylkeskommunane har moglegheit til sjølv å vera operatør for ordningar med regional transportstønad.

3 Forpliktande partnerskap

Fylkeskommunane har som folkevalde organ det strategiske ansvaret for å forvalta midla. Det er viktig å sikre sterk brukarmedverknad frå sentrale samfunnsaktørar gjennom brei og aktiv deltaking i planprosessarbeidet. Fylkeskommunane skal såleis forvalta verkemidla i forpliktande partnerskapar med kommunar, næringsliv, Innovasjon Noreg (IN), regionale statlege organ og etatar, private organisasjonar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, Sametinget og samiske næringsorganisasjonar der dette er tenleg, og eventuelt andre aktørar. Fylkeskommunane skal i nært samarbeid med lokale og regionale aktørar finna fram til gode rolleavklaringar, utarbeida og avklara mandat for partnerskapen og klargjera korleis dei ulike aktørane skal delta i planleggings- og avgjerdsprosessar. Avgjerdene i partnerskapen bør i størst mogleg grad byggja på konsensusprinsippet. Avgjerdene skal vera i samsvar med nasjonale og fylkeskommunale mål og strategiar med verkemiddelbruken, jf. omtale i punkt 1.

4 Fylkeskommunale føringar på midlar til kommunar/regionråd og nasjonale verkemiddelaktørar

Fylkeskommunane har eigne regionale mål og strategiar nedfelt i fylkesplanar og handlingsprogram. Midlar som blir løyvde til kommunar og regionråd, skal nyttast i tråd med desse regionale måla og strategiane. Innovasjon Noreg har på si side overordna mål som er i tråd med nasjonale mål og strategiar. Tiltak og prosjekt som får stønad gjennom midlar fordelte til Innovasjon Noreg, må derfor vera i tråd med regionale mål og strategiar samstundes som dei oppfyller nasjonale mål og strategiar. I den grad, og på dei områda, fylkeskommunane ikkje utarbeider eigne mål- og resultatkrav for midlar til Innovasjon Noreg, vil Innovasjon Noreg sine mål og strategiar vera førande. Innovasjon Noreg skal vera ein aktiv samarbeidspartnar og premissleverandør i den regionale partnerskapen og

vera verkemiddeloperatør for å realisere mål og delmål for næringsutvikling i fylkeskommunane.

5 Skatteplikt.

Etter lov om skatt av formue og inntekt 26. mars 1999 nr. 14 (skatteloven – sktl.) § 5-1 (1) er alle fordelar vunne ved mellom anna verksemd skattepliktig inntekt. Etter skattelova § 5-30 (1) omfattar fordel vunne ved verksemda mellom anna fordel vunne ved omsetjing av varer eller tenester, realisering av andre formueobjekt i verksemd og avkasting av kapital i verksemd.

Fordelsomgrepet i skattelova er eit vidt omgrep, og offentlege tilskot vil i utgangspunktet verte omfatta av dette. Dette kjem og fram motsetningsvis av føresegn i skattelova § 5-31 om skattefri verksemdinntekt og av rettspraksis, sjå mellom anna Rt-1978-1001.

Føresegn i skattelova § 5-31 om skattefri verksemdinntekt, bokstav a, seier at som inntekt vert ikkje rekna tilskot til investeringar i distrikta etter forskrift av Kongen, sjå forskrift 2006-12-15-1455: Forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla. Slike tilskot er derfor ikkje skattepliktig inntekt for verksemda. Dersom det aktuelle driftsmidlet vert realisert innan fem år etter at det er tileigna, skal likevel tilskot reknast som ein del av vederlaget, jfr. Skattelova § 14-44 første ledd, siste punktum.

Andre investeringstilskot enn dei som vert omfatta av skattelova § 5-31 bokstav a. er i prinsippet skattepliktig inntekt for verksemda etter hovudregelen i skattelova § 5-30 ved at tilskotet reduserer saldoen til driftsmidlet, jf. skattelova § 14-42 andre ledd bokstav a, andre punktum.

6 Tildelingskriterium og verkeområde for bruken av midla

Dei distrikts- og regionalpolitiske midla over post 60 skal i hovudsak nyttast innanfor verkeområdet for distriktpolitiske verkemiddel (sonene II, III og IV, sjå vedlegg 3). Midla over kap. 551 post 61 blir løyvde til fylkeskommunar med område som ikkje får gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift eller som får gjeninnført ordninga med ein høgare sats enn i 2003. Slike midlar skal som hovudregel nyttast innanfor desse områda med mindre det er konsensus hos partane om at midla skal ha eit anna geografisk nedslagsfelt.

Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltinga av dei midla som vert stilte til rådvelde over postane 60 og 61, er i tråd med regelverket for statsstønad innanfor EØS-avtalen, jf. The EFTA Surveillance Authority State Aid Guidelines og kommisjonsforordningane om gruppeunntak.

Departementet legg til grunn at spørsmålet om regional medfinansiering av nye nasjonalt initierte tiltak og programsatsingar må sjåast i samanheng med fylkeskommunane sine eigne mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeidet.

7 Nærmare om avgrensingar i bruken av midla knytte til geografi, sektor og formål

Direkte verksemdstønad, med unntak for bagatellstønad (inkludert etablerarstipend og inkubatorstipend), kan berre bli gjeve innanfor sonene III og IV i det distriktspolitiske verkeområdet. Maksimal stønadsintensitet for investeringsstønad er høgare i områda i sone IV enn i sone III. Satsane som gjeld i sone IV, skal derimot kunne nyttast i sone III dersom eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- Område som oppfyller kriteria for når det kan vera aktuelt med ein ekstraordinær statleg omstillingsinnsats, slik det går fram av St.meld. nr. 21 (2005-2006) under punktet 6.4.2¹.
- Område som fylkeskommunane sjølve meiner treng ein ekstraordinær innsats, til dømes gjennom politisk vedtak i fylkeskommunen om særskilt omstillingsstatus, og som er lagde til grunn i skjønstildelinga frå kap. 551 post 60 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

I sone I-områda kan det ikkje bli gjeve stønad til fysiske grunnlagsinvesteringar.

Midla skal *ikkje* nyttast til å finansiera investeringar i og/eller ordinær drift og vedlikehald av statleg, fylkeskommunal eller kommunal velferdsproduksjon og offentleg forvaltnings- eller forretningsverksemd. Dette gjeld også i dei tilfella der private tilbydarar og aktørar har teke over det operative ansvaret for utføringa av slike oppgåver på vegner av det offentlege ². Avgrensinga gjeld ikkje dersom tiltaka blir nytta til tilrettelegging for næringsareal og liknande. Dei kan i særlege tilfelle likevel bli nytta til forsøksverksemd og pilotprosjekt innanfor slike fagområde, som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Eventuelle næringsavgrensingar må gjerast av det enkelte fylke i tråd med eigne utviklingsstrategiar.

1

- Reduksjonen i den direkte sysselsetjinga i hjørnesteinsbedrifta/næringa over ein treårsperiode skal som hovudregel utgjere minst 15 prosent av den totale sysselsetjinga i kommunen.
- I absolutte tal bør nedlegginga som eit minimum liggje på 150 personar.
- I heilt spesielle tilfelle bør det vurderast om krava kan vera noko lågare på små og isolerte stader.

I ei totalvurdering av situasjonen i området skal det også leggjast vekt på reduksjonen i den indirekte sysselsetjinga, den generelle arbeidsløysa og høve til pendling innanfor den aktuelle bu- og arbeidsmarknadsregionen. I tillegg kan det også vera aktuelt å vurdere storleiken på trygdebudsjettet, kor mange som er yrkesaktive i kommunen og kommuneøkonomien for å få eit mest mogleg komplett bilete av tilstanden i lokalsamfunnet. Det kan også oppstå situasjonar i små og isolerte samfunn som kvar for seg er for små til at staten i utgangspunktet bør gå inn med ekstramidlar. Dersom slike situasjonar oppstår og råkar fleire små og sårbare samfunn i same området samtidig og det samla stønadsbeløpet som dette skaper går ut over det som er rimeleg å vente at fylkeskommunen kan stille opp med av midlar til, bør det likevel vurderast om staten kan gå inn med ekstra ressursar.

² Vassforsyning er unntatte frå dette forbodet.

Midla skal normalt ikkje nyttast til direkte eller indirekte investering i eigenkapital i verksemdar, og berre i dei tilfella der lån blir konvertert til aksjekapital, sjå punkt 8 *Nærmare om risikolån og tapsavsetningar*.

Midla frå postane 60 og 61 kan nyttast til å finansiera regional transportstønad. Det gjeld eigne reglar for transportstønad. Retningslinene for regional transportstønad kan lastast ned frå <http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/REGA/transport.pdf>.

Fylkeskommunane skal henta inn merknader og uttaler frå ansvarlege forvaltningsorgan i behandlinga av søknader på område der det finst slike organ. Fylkeskommunane må også ta omsyn til gjeldande nasjonale føringar og mål innanfor den enkelte sektor.

8 Nærmare om risikolån og tapsavsetningar

Innanfor ramma på kap. 551, postane 60 og 61, kan det bli gjeve tilskot og avsetning til tapsfond for risikolån. Risikolån kan også bli gjeve som vilkårsbundne lån. Med risikolån meiner ein ansvarlege lån, gjeldsbrevlån og pantelån. Nye pantelån skal normalt sikrast med prioritet etter pantelån frå andre kredittinstitusjonar. For risikolån kan det avtalast rett til konvertering til aksjekapital. Risikolåna kan og konverterast til aksjekapital i situasjonar der lånet alternativt ville vore ettergitt. Renta på nye risikolån skal setjast høgare enn renta på nye lågrisikolån med tilsvarende rentebindingsperiode. Tilsvarende gjeld renteregulering av risikolån ein alt har.

Det skal vera eit felles tapsfond for risikolån for alle årgangar som Innovasjon Noreg forvaltar. Innovasjon Noreg skal setja av midlar til eit nasjonalt tapsfond ut frå ei faglig risikovurdering av enkeltengasjement. I etterkant, dersom det blir tap på risikolån, skal tap trekkjast solidarisk frå det nasjonale tapsfondet. Innovasjon Noreg skal årleg vurdere tilhøvet mellom tapsfond og porteføljerisiko. Til grunn for risikovurderinga skal det liggja både uspesifisert og generell risiko³. Dersom tapsfondet vik negativt av frå vurdert risiko med meir enn ti prosentpoeng, skal tapsfondet fyllast opp inntil avviket er innanfor denne grensa. Dersom det negative avviket er fem prosentpoeng, skal departementet varslast. Dersom det skulle bli behov for å etterfylle det nasjonale tapsfondet, vil dette skje etter ein fordelingsnøkkel der den delen fylka har av risikolåneporteføljen blir lagd til grunn.

³ Omgrepet "uspesifisert" vil seie tap som ein vurderer har oppstått i porteføljen per tidspunktet for rekneskapsavlegging, men som ikkje kan førast til spesifiserte (namngitte) låneforhold. Omgrepet "generelle avsetningar" relaterer seg til risiko for framtidige tap i porteføljen. Grunnen til at tapsfondet for risikolån også må ta høgde for den generelle risikoen, er at det er tapsfondet (og ikkje framtidig rentemargin, som normalt er for bankar og kredittføretak elles) som skal bere dei tapa som vil kome.

DEL II

1 Overføring av midlar til fylkeskommunane

Ramma til fylkeskommunane blir gjeve som tilskot utan tilbakebetaling. Unytta ramme kan såleis omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva for eit år ramma er gjeve (jf. Kommunal- og regionaldepartementet sine årlege budsjettproposisjonar). Restmidlar som ein får ved inndraging av deltilskot og liknande, kan nyttast til nye tilskot.

Fylkeskommunane får fullmakt til å fastsetja i kva år tilskot skal gjevast, og kor lenge eit tilskot skal gjelda, til å behandla søknader om forlenging av tilskot og til å løyva unytta midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga.

Fylkeskommunane må ha oversikt over kor stor del av ramma som blir overført mellom år.

2 Overføring av midlar til andre tilskotsforvaltarar

Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er fastlagd, har fylkeskommunen ansvar for å senda over tilskots- og oppdragsbrev innan utgangen av første kvartal, slik at tilskotsforvaltarane kan planleggja verksemda si etter gitte mål. Fylkeskommunen har også ansvar for å overføra midla for det gjeldande budsjettåret slik at tilskotsforvaltarane heile tida har likviditet til å utbetala tilskot som er gitt.

3 Prosedyrar ved tildeling av midlar, søknader m.v.

Fylkeskommunen, og den som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, må etablera eit forsvarleg og tenleg system for tilskotsforvaltning som sikrar korrekt saksbehandling frå søknader kjem inn og fram til sluttutbetaling, medrekna korrekte utbetalningar og rekneskapsføring. Med grunnlag i risiko- og vesentlegvurderingar skal fylkeskommunen kontrollera at det vert drive korrekt saksbehandling og korrekt og påliteleg rapportering, at tilskotsmidlane kjem formålet til gode, at måla blir nådde og at vesentlege avvik frå dette vert førebygd, avdekt og eventuelt korrigert.

Krav til informasjon og kunngjering

Fylkeskommunen, og den som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, er ansvarleg for informasjon om søknadsbaserte ordningar under posten. Ordningane må kunngjerast på ein slik måte at heile målgruppa blir nådd. Kunngjeringa må seie noko om formålet med ordninga, tildelingskriterium, kva for opplysningar søkjar må gje opp i søknaden og eventuell søknadsfrist. For å sikre likebehandling skal det utarbeidast informasjonsmateriell slik at alle potensielle søkjarar innanfor målgruppa kan bli nådd.

Krav til innhaldet i og forma på søknaden

Ansvarleg verkemiddelaktør avgjer krav til innhald i og form på søknadene. Søknadene skal vera skriftlege og mellom anna innehalde, som grunnlag for vurderinga av den einskilde søknaden:

- presise og realistiske mål som kan etterprøvast
- realistisk prosjektplan med milepålar og aktivitets- og resultatutgreiingar
- kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for moglege usikre moment

Krav til søknadsbehandling i fylkeskommunane eller hos dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane

Stønad skal tildelast på grunnlag av søknad eller program/plan. Avgjerder om tildeling av tilskot skal vera skriftleg dokumenterte. Standardvilkår blir fastsette av fylkeskommunane eller dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, i tråd med desse retningslinene. Krav til innhald og informasjon i tilskotsbrev følgjer i vedlegg 2.

Når det gjeld ei sak der ein har gitt tilskot, men der søkjaren ønskjer å gjera vesentlege endringar i dei opphavlege planane, må saka leggjast fram for den som har gitt tilskotet før endringane vert sette i verk.

Vilkår og rutinar for registrering av tilskot, utbetaling og rekneskapsføring

Fylkeskommunane og Innovasjon Noreg skal føre oversikter der det til kvar tid går fram kva som er omfanget av tilskot, tapsfondsavsetningar og utbetalningar under ordninga, jf. *Bestemmelser om økonomistyring i staten* punkt 6.3.4.

Ein tilskotsmottakar skal rapportera i høve til dei krava som går fram av tilskotsbrevet. Tilskotsforvaltaren skal følgja opp overfor tilskotsmottakaren dersom denne informasjonen er ufullstendig eller ikkje kjem inn til rett tid. Det skal også gjerast tenlege kontrollar av kvaliteten på informasjonen.

Som ein hovudregel skal tilskot utbetalast etterskotsvis når tilskotsmottakaren er påført kostnadane. Dersom tilskotet skal dekkja eit driftselement, kan det betalast ut i terminar tilpassa profilen på kostnadene. Heile tilskotet kan ikkje utbetalast før prosjektet er avslutta og revisorattestert rekneskap er send inn. Som hovudregel skal 25 % av tilskotet haldast attende før sluttutbetaling skjer. Dersom sluttrekneskapen viser at arbeidet ikkje er utført i det omfanget som er føresett, eller til den oppgitte kostnaden, skal utbetalinga reduserast i høve til det.

Prosjektrekneskapen skal kunna samanliknast med kostnadsoverslaget. Av rekneskapen skal det gå klart fram korleis midla er nytta. Statsautorisert eller registrert revisor skal attestera rekneskapen før den siste utbetalinga skjer. Det må utarbeidast spesifiserte krav til kva for informasjon som skal vera med i revisorstadfestingane, som skal skje med

utgangspunkt i ei standard stadfesting som tilskotsforvaltaren har utarbeidd. For ikkje-revisjonspliktige føretak kan autorisert rekneskapsførar stadfeste oppgåva. Tilskot under kr 100 000 kan unnatakast frå kravet om revisorattestasjon av rekneskapen. Krav om revisorattestert rekneskap gjeld ikkje tilskotsmottakarar som vert reviderte av Riksrevisjonen.

Vilkår og rutinar for behandling av for mykje utbetalt tilskot

Tilbakebetaling til fylkeskommunen, eller til dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, kan krevjast dersom mottakaren ikkje sender inn rapporter slik føresetnaden er i tilskotsbrevet, gjev opplysningar som ikkje er rette eller ikkje har nytta tilskotet etter intensjonen med tildelinga, dersom prosjektet krev mindre kapital enn venta eller dersom det er utbetalt for mykje stønad. Slike krav skal fremjast av tilskotsforvaltar. Dersom mottakaren ikkje betalar tilbake i slike tilfelle, skal tilskotsforvaltar vurder æ rettslege skritt for å få utbetalt tilgodehavande.

Dersom EFTAs overvakingsorgan ESA finn at stønad er gjeve i strid med regelverket om offentleg stønad i EØS-avtalen, kan ein krevje at stønad vert betalt tilbake, jf. lova av 27. november 1992 nr. 117 om offentleg stønad § 3 og forskrifta av 4. desember 1992 om offentleg stønad § 5. Dersom den utbetalte stønaden skal betalast tilbake etter desse reglane, skal tilbakebetaling skje inkludert renter som er fastsette av departementet, gjeldande frå den dagen stønaden er motteken og fram til tidspunktet for tilbakebetaling.

4 Årsrapportering til Kommunal- og regionaldepartementet

Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg skal kvart år rapportera om bruken av midla. Tidspunkt for rapportering og eventuelle utfyllande rapporteringskrav blir gjort kjent i dei årlege tilskotsbreva frå Kommunal- og regionaldepartementet. Innovasjon Noreg rapporterer i tråd med system for mål- og resultatstyring som er avklart med dei aktuelle departementa. Årsrapportane skal setja departementet i stand til å gje ein heilskapleg oversikt over utviklingstrekk og verkemiddelbruk på alle innsatsområde⁴ på kap. 551, post 60 og 61 til Stortinget.

Årsrapporteringa frå fylkeskommunane er todelt: ein statistikkdel og ein beskrivande del.

Statistikkdelen (standardrapport)

Fylkeskommunane skal nytta det til ei kvar tid gjeldande rapporteringssystemet i forvaltninga av verkemidla og rapporteringa til departementet. Rapporteringssystemet vil i tillegg til at det er eit grunnlag for rapportering, vera ei hjelp for fylkeskommunane i oppfølginga deira av tilskot og statistikkproduksjon og kan inngå som ein del av mål- og resultatstyringssystemet i fylkeskommunane. Fylkeskommunane må etablera rutinar for rapportering frå dei som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunen, til dømes

⁴ Inkludert midlar til mellom anna Interreg, Landsdelsutvalget for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag mv.

kommunar. Feil i talmaterialet skal rettast opp så snart som råd. Departementet syner elles til omtale av rapportering i dei årlege tilskotsbrev.

Beskrivande del

Den beskrivande delen er ein rapport med utgangspunkt i dei måla, strategiane og innsatsområda fylket sjølv har, og ei vurdering av fordelinga av innsatsen på aktivitetskategoriar som Kommunal- og regionaldepartementet har definert. I den beskrivande delen skal ein gjera greie for om innsatsen er i tråd med eigne fastsette mål- og resultatkrav. Rapporten skal og innehalde ei vurdering av om og i kva grad innsatsen medverkar til måloppnåing på lengre sikt.

Departementet vil, seinast innan 4 månader etter mottatt rapport, melde tilbake sine syn på utforming og innhald i rapporten og det arbeidet som er gjort.

5 Klagebehandling

Lova om behandlingssmåtar i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967 gjeld ikkje for Innovasjon Noreg si forvaltning av midlar over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, og vedtak som Innovasjon Noreg har gjort, kan ein ikkje setje fram klage mot. Enkeltvedtak som fylkeskommunen har gjort, og som er behandla i medhald av desse retningslinene, kan klagast inn til fylkestinget eller den fylkestinget har gjeve fullmakt. Det er ikkje høve til å klaga dersom vedtaket ikkje er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2.

6 Overordna kontroll

I samsvar med mellom anna § 10 i Løyvingsreglementet kan departementet og Riksrevisjonen setja i verk kontroll med at midla er nytta slik det var føresett. Den fylkeskommunale og kommunale revisjonen av midla skal og omfatte kontroll av at midla blir nytta innanfor fastlagde rammer, mål, strategiar m.v. Det skal overfor tilskotsmottakar takast atterhald om at tilskotsforvaltar har høve til å setja i verk kontroll med at midla vert nytta etter føresetnadene. Riksrevisjonen har rett til å krevja informasjon frå tilskotsmottakar etter § 12 i Lov om Riksrevisjonen.

7 Reglement for økonomistyring i staten

Vi syner elles til *Reglement for økonomistyring i staten*, fastsett ved kronprinsregentens resolusjon av 12. desember 2003 og *Bestemmelser om økonomistyring i staten*, fastsett av Finansdepartementet 12. desember 2003. *Reglement for økonomistyring i staten* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten* finst på internett: http://odin.dep.no/fin/norsk/tema/Statlig_ekonomistyring/bn.html.

8 Evaluering

Kommunal- og regionaldepartementet vil med mellomrom setja i verk evalueringar av ordningane. Departementet vil også gjennomføra strategiske vurderingar på tvers av fylke,

program m.v. Verkemiddelaktørane skal sjølv gjennomføra faglege evalueringar av sine ordningar. Evalueringane må tilpassast omfanget av midlar. Det er viktig at fylkeskommunane gjennomfører evalueringar av egne satsingar og program.. Departementet skal i samband med årsrapporteringa varslast dersom fylkeskommunane eller andre som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane planlegg å gjennomføre evalueringar av verkemidlane. Departementet ber vidare om å verte informert om hovudresultat frå evalueringane.

Etter fullmakt

Jan Sandal
ekspedisjonssjef

Vidar Jensen
seniorrådgivar

VEDLEGG 1

OFFENTLEG STØNAD – REGLAR FOR STØNAD OG INTENSITETAR FOR STØNAD TIL ENKELTVKSEMDER

1.1.2008

1. Generelt

EØS-avtalen set grenser for kva høve norske styresmakter har til å gje stønad til næringsverksemd. All tildeling av offentleg stønad skal være i samsvar med The EFTA Surveillance Authority's (ESA) State Aid Guidelines. Nedanfor er eit utdrag av reglane for offentleg stønad. Ein oppdatert versjon av desse reglane ligg på ESA si heimeside www.eftasurv.int/fieldsofwork/fieldstateaid/guidelines/

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har laga ein rettleiar til *EØS-avtalens regler for offentleg stønad*. Sjå Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine nettsider: http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/Veiledninger_og_brosjyrer/2007/Veileder---EOS-avtalens-regler-om-offent.html?id=485129

2. Det distriktpolitiske verkeområdet for regionale utviklingsmidlar

Nokre av retningslinene for offentleg stønad opererer med regionale bonusar innafor det distriktpolitiske verkeområdet. Det finns vidare eigne ordningar som berre gjeld i det distriktpolitiske verkeområdet. Av *Forskrift om geografisk virkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla* (15. desember 2006) går det fram kva for kommunar som utgjer det distriktpolitiske verkeområdet for regionale utviklingsmidlar.

3. Samla stønad - kumulasjonsreglar

Når eit prosjekt vert tildelt offentleg stønad frå meir enn ei offentleg kjelde, må stønaden frå dei ulike kjeldene leggjast saman (kumulerast) slik at ein ikkje kjem over den høgaste tillatne stønadsgrensa (inkludert bagatellstønad). Stønadsgrensa går fram av dei relevante retningslinene og/eller ESA sitt vedtak om godkjenning av den aktuelle ordninga. Ein søkjar er derfor pliktig til å opplyse om all anna stønad som vert gjeve til det same kostnadsgrunnlaget. Dersom eit prosjekt kan få stønad frå fleire ulike regelverk eller ordningar med heimel i ulike unnatak for lovleg stønad, er hovudregelen at den høgaste stønadsintensiteten gjeld. Det vil seie at det regelverket med den gunstigaste ramma sett den øvre grensa for lovleg stønad.

Dersom ny stønad skal tildelast som bagatellmessig stønad, må verksemda opplyse om kor mykje samla bagatellmessig stønad verksemda har fått dei siste tre åra. Samla offentleg stønad får ein ved å summere tilskot og eventuelle stønadselement i lån, garantiar og andre stønadsformer.

4. Definisjonar

Brutto tilskotsekvivalent

Brutto tilskotsekvivalent (BTE) er eit mål på samla offentleg stønad til prosjektet eller verksemda, målt i prosent av standard kostnadsgrunnlag. Standard kostnadsgrunnlag er summen av kostnadene som kan inngå i utrekningsgrunnlaget for stønad til dei ulike formåla. Dei maksimale stønadsintensitetane som det er referert til i dette vedlegget, relaterer seg til BTE.

Små og mellomstore verksemder (SMB)

Mellomstore verksemder er definerte som verksemder som

A) har mindre enn 250 tilsette/årsverk

B) enten har

- ei årleg omsetning som ikkje overstig 50 millionar euro, eller
- ein balanse som ikkje overstig 43 millionar euro, og

C) er i samsvar med kravet om å vera uavhengig. Eit uavhengig selskap er eit selskap der mindre enn 25 prosent av kapitalen eller røysterettane er ått av eit selskap, eller fleire selskap i samarbeid. Desse grensene kan overskridast mellom anna dersom eit offentleg investeringsselskap, eit ventureselskap eller ein institusjonell investor eig verksemda, under føresetnad av at dei ikkje har kontroll enkeltvis eller samla. Sjølvstyrande lokale styresmakter med eit årleg budsjett på mindre enn 10 millionar euro og mindre enn 5000 innbyggjarar kjem også inn under dette unnataket.

Små verksemder

Små verksemder er definerte som verksemder som

A) Har mindre enn 50 tilsette/årsverk,

B) Enten har:

- ei årleg omsetning på mindre enn 10 millionar euro, eller
- ein balanse på som ikkje overstig 10 millionar euro

C) som over

Sjå elles definisjon av SMB i vedlegget til kommisjonsforordning 364/2004; jf.

[http://eur-](http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/site/en/oj/2004/l_063/l_06320040228en00220029.pdf)

[lex.europa.eu/LexUriServ/site/en/oj/2004/l_063/l_06320040228en00220029.pdf](http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/site/en/oj/2004/l_063/l_06320040228en00220029.pdf)

unnatak

5. Stønad til investeringar

Investeringsstønad kan verte gjeven til fysiske investeringar i samband med

- etablering av ny verksemd,
- utviding av eksisterande verksemd, eller

- investeringar som fører til utvikling av nye produkt eller til ei vesentleg endring i produktet eller produksjonsprosessen til ei eksisterande verksemd.

Ein kan gje stønad til investeringar i eigedom, bygningar og anlegg/maskinar. Ein kan og gje stønad til kjøp av informasjon og rettar som nokon har eigedomsretten til (kjøp av datasystem, programvare, intellektuelle eigedomslisensar, patentrett og teknisk knowhow).

Maksimale kumulative stønadsintensitetar for investeringsstønad gjeldande frå 2007⁵ (BTE)			
Type verksemd/ Sone	Store	Mellomstore	Små
IV	15	25	35
III	10	20	30

Sjå elles kap 25.B.4.2.1 i ESA sine retningsliner for offentlig stønad.

For ei oversikt over kva for sone dei ulike kommunane er plasserte i, sjå vedlegg 3.

For store regionale investeringsprosjekt gjeld det eigne reglar, sjå kap. 25.B.4.3 i ESA sine retningsliner.

Dersom ein gjenstand som er teken med i tilskotsgrunnlaget, vert seld eller nytta til anna formål enn føresett i løpet av fem år frå utbetalinga av tilskotet, kan tilskotet krevjast heilt eller delvis betalt tilbake eller omgjort til ordinært pantelån. Det same gjeld når gjenstanden vert flytt til eit lågare prioritert område eller ut av verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Innovasjon Noreg kan etter ei konkret vurdering fastsetje ei kortare bindingstid for visse typar investeringar, mellom anna maskinar eller utstyr som i løpet av fem år er utdatert. Ved vurdering av om det skal reisast krav om tilbakebetaling, bør ein mellom anna leggje vekt på kor lang tid det har gått frå utbetalinga til bruksendringa eller salet skjer, kva gjenstanden skal nyttast til, og om ein får gevinst ved salet. Sjå elles kap. 25.B.4.1.1.32 i ESA sine retningsliner for offentlig stønad.

Stønad til investeringar kan gis etter gruppeunnatak 6 for regional investeringsstønad dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Sjå elles kommisjonsforordning 1628/2006: <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=CELEX:32006R1628>: DA:NOT

Dersom aktuell stønad oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Gruppeunnataket for regional investeringsstønad tillet og

⁵ For stønad til skipsverft er maksimal stønadsintensitet 12,5 prosent.

ad hoc-stønad (stønad som ikkje er ein del av ei ordning) i samband med stønad frå ein transparent ordning for regional investeringsstønad og ikkje utgjer meir enn 50 prosent av stønaden til prosjektet.

Distriktsretta risikolån skal praktiserast i samsvar med notifisert ordning og ESA si avgjerd 410/06/COL av 19. desember 2006.

6. Stønad til små nyetablerte verksemder

Stønad til små nyetablerte verksemder kan ein gje for å stimulere til auka entreprenørskap innafor det distriktpolitiske verkeområdet. Støtta er strengt avgrensa til små verksemder jf. EU sin definisjon. Sjå kapittel 4 for definisjon og omtale av små verksemder.

Stønad til dette formålet må notifiserast til, og godkjennast av ESA. Kommunal- og regionaldepartementet har notifisert ei ordning for stønad til små nyetablerte verksemder, NyVekst. Ordninga er lagt til Innovasjon Noreg.

Stønaden kan ikkje overstige € 1 mill per verksemd. Årleg stønad kan ikkje overstige 33 % av € 1 mill.

Stønad kan dekkja utgifter til tenester av juridisk, rådgjevande og administrativ karakter knytt til opprettinga av verksemda. I tillegg kan stønad verte gitt til følgjande kostnader, såframt dei er oppstått i løpet av dei første fem åra etter at verksemda vart oppretta:

- renter på ekstern finans/lån og avkastning på eigenkapital innafor referanserenta
- utgifter til leige av produksjonsutstyr og lokalar
- energi, vatn, oppvarming, skattar/avgiftar (med unnatak for mva og selskapsskatt) og administrative gebyr.
- Avskrivning, utgifter til leige av produksjonsutstyr/lokalar samt lønskostnader inkludert sosiale utgifter kan også verte støtta såframt den underliggjande investeringa eller jobbskapinga og rekrutteringstiltaket ikkje har vorte støtta tidligare.

Kostnadar knytt til utgifter til miljøskattar kan ikkje være grunnlag for stønad.

Stønaden kan ikkje overstige 30 % av kostnadar det er gjett rett til i dei første tre åra etter at verksemda vart oppretta og 20 % i dei neste to åra.

Verksemder der ein eller fleire eigarar eig minst ein tredjedel av kapitalen og i tillegg er majoritetseigarar i eit anna selskap som i dei siste tolv månadane har blitt nedlagd eller ikkje har vært operativt, kan ikkje få stønad. Verksemder som søker stønad må leggje ved relevant dokumentasjon knytt til dette.

Stønad kan ikkje kombinerast med anna offentleg stønad inkludert bagatellmessig stønad for å gå utover dei tilletne grensne for stønad. Dersom verksemda mottar stønad i form av differensiert arbeidsgjevaravgift vil denne stønaden verte kumulert med stønad frå NyVekst. Verksemdar som mottar slik stønad kan og få regional investeringsstønad.

Stønad som er gjeve på grunnlag av gal informasjon frå søkeren må tilbakebetalast.

7. Stønad til SMB - konsulenthjelp og kunnskapsformidling ("mjuk stønad")

Vi viser til definisjonen og omtalen av SMB i kapittel 4 ovanfor. Kommisjonsforordningane om SMB gjeld forutan stønad til konsulenthjelp og kunnskapsformidling ("mjuk stønad") og stønad til fysiske investeringar og FoU.

Stønad til konsulenthjelp og kunnskapsformidling kan ein berre gje til små og mellomstore verksemdar (SMB). Den maksimale stønadsintensiteten er 50 prosent av kostnader som gir rett til stønad, det vil seie kostnader som er direkte relaterte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling innafor økonomi og leiing, implementering av ny teknologi, vern av immaterielle eigneluter og evaluering av nye forretningsområde. Tiltaka må tilfredsstille eit eingongsbehov for oppdatering av kunnskap. Det er ikkje høve til å gje stønad til aktivitetar som er kontinuerlege eller periodiske, og som er med på å dekkje dei ordinære driftskostnadene til verksemda (lovpålagd kontroll, lovpålagde oppfølgingstenester, vanleg skatterådgiving, ordinær juridisk hjelp, annonsering osv). Kostnader i samband med etablering av samarbeid og nettverk mellom SMB kan støttast, men ikkje rutineoppgåver som til dømes distribusjon eller marknadsføring som samarbeidet og nettverket gjer for verksemda.

Stønad til konsulenthjelp og nettverk/samarbeidstiltak (BTE)		
Geografi	SMB	Store verksemdar
Heile landet	50	0

Reglane for stønad til SMB er landsdekkande.

Sjå elles kommisjonsforordning 70/2001 og 364/2004 for SMB på Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine heimesider:

<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

Stønad til SMB kan verte gitt etter gruppeunnatak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Dersom aktuell stønad oppfyller dei vilkåra som er sette, er stønaden lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Stønad til SMB kan gis i heile landet.

8. Stønad til opplæring

Tilskot til opplæring kan nyttast til å dekkje utgifter til opplæringstiltak i verksemda når tiltaket gjer at verksemda kan setje i gang med opplæringstiltak ho elles ikkje kunne ha greidd. Stønaden kan gå til interne kostnader. Ein kan ikkje gje stønad til opplæringstiltak som har preg av å vera driftsstønad, til dømes utgifter til å dekkje introduksjonskurs for nytilsette og opplæringsutgifter i samband med at verksemda gjennomfører lovpålagde endringar.

Maksimal stønadsintensitet er avhengig av om opplæringa er definert som spesiell opplæring eller generell opplæring. Med stønad til *generell opplæring* meiner ein stønad til praktisk eller teoretisk opplæring som ikkje berre kan knytast direkte til det noverande eller det framtidige arbeidet til den tilsette i verksemda. Opplæringa har å gjere med den generelle aktiviteten i verksemda og gjer kvalifikasjonar som for ein stor del kan overførast til andre verksemder eller andre arbeidsområde. Med stønad til *spesiell opplæring* meiner ein stønad til opplæring som berre er relevant for det noverande eller det framtidige arbeidet til arbeidstakaren i verksemda. Høvet til å overføre nytten av denne kunnskapen til andre verksemder eller arbeidsområde er svært avgrensa. Tabellen nedanfor viser dei maksimale kumulative stønadsintensitetane (BTE) som gjeld.

Stønad til opplæring (BTE)		
	Generell opplæring	Spesiell opplæring
Standardintensitet	50	25
SMB-bonus	+20	+10
Regional bonus	+5	+5
Dårlig stilte arbeidstakere	+10	+10

Det kan verte gjeve regionale bonusar på 5 prosent på intensitetane over for tiltak innafor sone III og IV i det distriktpolitiske verkeområdet jf tabellen ovanfor.

Desse kostnadene gir rett til stønad:

1. Personalkostnader til undervisningspersonell, kursleiarar mv
2. Reiseutgifter for kursleiarar og kursdeltakarar
3. Andre vanlege utgifter i samband med opplæring, til dømes materiell og utstyr .

Dersom ein gir anna stønad til dei same stønadsberettiga kostnadane som under stønad til opplæring må stønadstaket under gruppeunnataket ikkje overstigast.

Stønad til opplæring kan ein gje etter gruppeunnatak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Dersom aktuell stønad oppfyller dei vilkåra som er sette, er støden

lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Sjå elles kommisjonsforordning 68/2001 og kommisjonsforordning 363/2004 om gruppeunnatak for opplæringsstønad på Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine heimesider : <http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

Stønad til opplæring kan ein gje i heile landet.

9. Stønad til sysselsetjing

Stønad og stønadordningar for å skape nye arbeidsplassar er tillate etter gruppeunnatak. Stønad er lovleg innafor ein viss del av lønnskostnadene over ein periode på to år. Dersom ein gir slik stønad innafor område eller bransjar som ikkje kvalifiserer for regionalstønad, kan stønaden dekkje 15 prosent av kostnadene i små verksemder og 7,5 prosent i mellomstore verksemder. Innafor regionalstønadsområdet skal slik stønad ikkje overskride maksimalintensitetane for investeringsstønad. Vi viser til kommisjonsforordning 2204/2002, sjå Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine heimesider <http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

Stønad til sysselsetjing kan ein gje etter gruppeunnatak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Dersom aktuell stønad oppfyller dei vilkåra som er sette, er stønad lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Stønad til sysselsetjing kan gis i heile landet.

10. Stønad til forskning og utvikling og innovasjon (FoUoI)

Retningslinene for FoUoI er nye.

ESA vil vurdere stønadstiltaka gjennom ei såkalla balansetest der ein vurderar dei positive sidene ved stønad opp mot dei negative påverkinga på konkurransen og samhandelen i EØS. Eit viktig element i balansetesten er å vurdere om stønad har *incentiveeffekt*. Det inneberer at stønad skal bidra til at verksemda endrar åtferd og investerer i forskning, utvikling og innovasjon på ei anna og betre måte enn om dei ikkje hadde fått stønad. Med andre ord, den offentlege stønaden skal føre til at verksemdene gjennomfører FoUoI-aktivitet som elles ikkje ville skjedd. For små og mellomstore verksemder er det likevel ikkje krav om å dokumentere incentiveeffekt da ein meiner at mindre verksemder har avgrensa høve til å drive forskning og utvikling utan stønad.

Ein kan tildele stønad til desse kategoriane:

Kategori 1 – stønad til SMB som blir behandla etter forenkla prosedyre

1. stønad til prosjekt og forstudium der stønadsmottakar er ein SMB og det samla stønadsbeløpet er under 7,5 mill. euro per SMB
2. stønad til kostnader knytt til å ta vare på industrielle retter med stønadintensitet som tilsvarar det den føregåande FoUoI-aktiviteten ville kvalifisert for
3. stønad (også driftsstønad) til unge innovative verksemder. Små verksemder som har eksistert under 6 år kan få stønad på inntil 1 million euro over tre år, samt inntil 50 % skattelette over ein femårsperiode
4. stønad til SMB sine kostnader knytt til rådgivande tenester og stønadstenester for innovasjon, på inntil 200 000 euro over tre år
5. stønad til SMB sine lån av høgt kvalifisert personell med stønadsintensitet på inntil 50 % av dei kostnadane som har rett til stønad for inntil tre år per verksemd og per lånt person

Kategori 2 – for anna stønad enn i kategori 1 må incentiveeffekten påvisast

1. stønad til prosjekter og forstudium:
 - stønadsmottakar er ei stor verksemd
 - stønadsmottakar er ein SMB og stønadsbeløpet overstiger 7,5 millionar euro
2. drifts- og investeringsstønad til den juridiske eininga som drifter ei innovativ klynge:
 - driftsstønad gis i 5 år med ein stønadsintensitet som anten er lineært avtakande frå 100 % til 0 % ved utgangen av siste år, eller fast på 50 % over en femårsperiode. Det vert i tillegg opna for å kunne gje stønad utover 5 år og i inntil 10 år, dersom det blir presentert tilstrekkelig dokumentasjon på at dette er nødvendig.
 - investeringsstønad kan gis med stønadsintensitet på 15 %, pluss bonus for stønad til små verksemder på 20 % og for stønad til mellomstore verksemder på 10 % (øvre stønadsintensitet blir da 35 % for små og 25 % for mellomstore verksemder).
3. stønad til prosess- og organisasjonsinnovasjon i tenester
 - Stønadsintensiteten er inntil 35 % for små, 25 % for mellomstore og 15 % for store verksemder. Det vert berre gjeve stønad til store verksemder dersom dei samarbeider med ein SMB, og dersom verksemdene si del av dei totale stønadsberettiga kostnadene utgjør minst 30 %.

Kategori 3 – ved spesiell stor risiko for konkurransevridande stønad krev ESA ein detaljert individuell økonomisk vurdering

1. stønad som er underlagt notifikasjonsplikt i gruppeunnatak

- Iht. gruppeunnataket for FoU til SMB og det framtidige gruppeunnataket for FoU må nokre typar stønad notifierast til ESA.
2. stønad som overstiger eit bestemt beløp
- stønad til prosjekter og forstudiar.
Stønad må notifierast dersom det gis meir stønad enn:
 - i. 20 millionar euro der prosjektet hovudsakeleg omfattar grunnforskning,
 - ii. 10 millionar euro dersom det hovudsakleg er industriell forskning, og
 - iii. 7,5 millionar euro for alle andre prosjekter.
 - drifts- og investeringsstønad til den juridiske eininga som drifrar ei innovativ klynge når stønad overstiger 5 millionar euro.
 - stønad til prosess- og organisasjonsinnovasjon i tenester som overstiger 5 millionar euro.
3. stønad til formål som fell inn under andre sektorreglar som viser til FoUoI-retningslinene

Stønad til prosjekter kan gis i alle former, som for eksempel tilskot, skatterefusjon, lån o.a.

Prosjektbasert FoU-aktivitet kan grupperast i tre ulike stadium:

1. grunnforskning (tidligaste fase)

Eksperimentell eller teoretisk forskning utført med det høve å oppnå ny kunnskap om underliggende årsaker utan direkte praktisk nytte.

2. industriell forskning

Planmessig utforskning eller kritisk undersøking med tanke på å få ny kunnskap, der denne kunnskapen kan vera nyttig ved utvikling av nye produkt, prosessar eller tenester eller ved innføring av vesentlig forbetring av eksisterande produkt, prosessar eller tenester.

3. eksperimentell utvikling (nærmast marknaden):

Overføring av resultat frå industriell forskning til planar eller prosjekt for – eller design og konstruksjon av – nye, endra eller forbetra produkt, prosessar eller tenester som er tenkte for sal eller bruk, medrekna utvikling av ein første prototyp som ikkje kan utnyttast kommersielt. Dette stadiet kan og omfatte idéutforming, design og konstruksjon i samband med alternative produkt, produksjonsmetodar eller tenester og dei første demonstrasjonsprosjekta eller pilotprosjekta, på det vilkåret at desse prosjekta ikkje kan tilpassast slik at dei kan utnyttast industrielt eller kommersielt. Ein kan ikkje gje stønad til rutineprega eller periodiske endringar av eksisterande produkt, produksjonslinjer, produksjonsprosessar, tenester eller andre pågåande arbeidsoperasjonar, sjølv om slike endringar kan innebære forbetringar.

Tabellen nedanfor viser dei maksimale kumulative stønadsintensitetane (BTE) som gjeld.

	Små verksemder	Mellomstore verksemder	Store verksemder
Grunnforskning	100 %	100 %	100 %
Industriell forskning	70 %	60 %	50 %
Industriell forskning gjenstand for - samarbeid mellom verksemder eller samarbeid med off. forskingsinstitusjon eller spreing av resultat	80 %	75 %	60%
Eksperimentell utvikling	45 %	35 %	25%
Eksperimentell utvikling gjenstand for - samarbeid mellom verksemder eller samarbeid med offentlig forskingsinstitusjon	60 %	50%	40%

For *tekniske forstudie* som førebuing til industriell forskning eller eksperimentell utvikling, er øvre stønadsintensitet for SMB høvesvis 75 % og 50 %. Tilsvarande øvre stønadsintensitet for tekniske forstudium til store verksemder er 65 % og 40 %.

ESA kan tillate at de fastsette øvre stønadsintensitetane kan overskridast dersom det kan dokumenterast at tilsvarande prosjekter eller programmer i konkurrerande land utanfor EØS har fått (i løpet av de siste tre år), eller vil få, stønad av ein liknande intensitet.

Som ein hovudregel skal alle nye tiltak innan FoUoI notiserast til ESA. For meir informasjon sjå omtale av Aid to research and development and innovation ” i kapittel tre i ESA sine retningslinjer for offentlig stønad;
http://www.eftasurv.int/fieldsofwork/fieldstateaid/guidelines/esa_bxl-418222-v7-updated_version_guidelines.pdf

Ein kan og gje stønad til FoU til små og mellomstore verksemdar under gruppeunnataket for SMB, sjå kommisjonsforordning (EC) 364/2004 som gjeld gruppeunnatak for stønad til FoU i SMB.

Stønad til FoUoI kan gis i heile landet.

11. Bagatellstønad (de minimis)

Bagatellstønad kan verte gjeve uavhengig av storleik, lokalisering og type kostnader. Regelverket gjeld i utgangspunktet alle sektorar som er omfatta av EØS-regelverket med unnatak av kullsektoren. Det kan ikkje verte gjeve stønad til innkjøp av vegfraktkjøretøy, til verksemdar i vanskar, til eksportretta verksemd eller for å fremme innanlandske produkt framfor importerte.

Ei verksemd kan få til saman inntil 200 000 euro i bagatellstønad over ein rullerande treårsperiode. Verksemd i vegtransportsektoren kan berre få 100 000 euro over ein treårsperiode. Ved tildeling av bagatellstønad må ein derfor ta omsyn til all slik stønad verksemda har fått dei siste tre åra.

Bagatellmessig stønad må være transparent. Det betyr at stønad berre kan tildelast som bagatellstønad når det er mogleg å rekne ut nøyaktig stønadselement (brutto tilskotsekvivalent) i forkant av tildeling og utan at det er nødvendig å gjøre ei risikovurdering. Regelverket angir konkrete vilkår for når lån, garantiar, kapitaltilførsel og risikokapital er transparent stønad:

1. Ved lån må BTE være berekna på bakgrunn av marknadsrenta på tidspunktet for tildeling av stønad
2. Ved kapitaltilførsel og ved tilførsel av risikokapital kan ein ikkje gje beløp over 200 000 euro
3. Ved garantiar kan det underliggende lånet ikkje overstige 1,5 millionar euro. For vegtransport gjeld eit tak på det underliggende lånet på 750 000 euro. Ein kan ikkje gje garantiar for meir enn 80% av lånet. Styresmaktene har høve til å notisere ein berekningsmetode for garantiar dersom dei ønskjer å gje garantiar ut over ovanfor nemnde terskelverdiar.

Treårsperioden gjeld tre rekneskapsår og er rullerande. Treårsperioden byrjar på det tidspunktet stønadsmottakar oppnår rett til å få stønad, dvs. ikkje frå faktisk utbetaling.

Bagatellstønad	
Heile landet	Inntil 100 pst. stønad

I samband med tildeling av bagatellmessig stønad må stønadsgivar skriftleg informere stønadsmottakar om at det er bagatellmessig stønad som vert ytt og kor stort beløpet er (uttrykt i BTE). Denne informasjonen skal innehalde konkrete referansar til regelverket for bagatellmessig stønad. Stønadsgivar må og sjå til å få ei skriftleg stadfesting frå stønadsmottakar om eventuell anna bagatellmessig stønad verksemda har fått i dei to føregåande budsjettåra samt inneverande budsjettår. Stønadsgivar skal oppbevare opplysningar om tildelt bagatellmessig stønad i ti år. Ei verksemd pliktar å opplyse om tidlegare motteken stønad når ho søker om anna bagatellstønad i løpet av den treårsperioden som følgjer etter stønadstildelinga.

Bagatellstønad kan i utgangspunktet ikkje kombinerast med anna offentleg stønad. Kumulasjon er likevel tillate såframt stønad ikkje overstig dei maksimale stønadsintensitetane i ei notifisert ordning eller i gruppeunnataka.

Bagatellstønad må ikkje meldast på førehand eller rapporterast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet eller ESA.

Sjå elles kommisjonsforordning 1998/2006 av 15. desember 2006 om bagatellstønad. Bagatellmessig stønad kan ein gje i heile landet.

12. Sektorspesifikke reglar

I tillegg til dei horisontale retningslinene som gjeld generelt for tiltak retta mot alle sektorar finst det egne særreglar om stønad til bestemte sektorar. Det gjeld maritim transport, skipsbygging, luftfartsektoren, allmennkringkasting og krise-, omstrukturerings- og lukkingsstønad til stålsektoren). Sektorregelverka krev ofte at stønad til prosjekt av ein viss storleik må godkjennast av ESA. For nærare reglar, sjå ESA sine retningslinjer; <http://www.eftasurv.int/fieldsOfWork/fieldStateAid/guidelines/partiv.pdf>

I tillegg finnes det og unnatak for bestemte sektorar i dei horisontale reglane, som til dømes visse unnatak for transportsektoren i regelverket om bagatellmessig stønad og unnatak for stål og syntetisk fiberindustri i regionalstønadsretningslinene.

13. Stønad til skipsbygging

Det gjeld egne reglar for stønad til skipsbygging. Vi viser til *Forskrift om gjennomføring av EØS-avtalens bestemmelser om offentlig støtte til skipsbyggingsindustrien*, 19.03.99 nr. 246. Forskrifta inneber ei gjennomføring av rådsforordning 1540/98 om stønad til skipsbyggingsindustrien. Stønad til denne industrien krev som hovudregel notifisering av enkelttildelingar. Vi viser også til kapittel 24.B i ESA sine retningslinjer, <http://www.eftasurv.int/fieldsOfWork/fieldStateAid/guidelines/guidelineswith10inserted.pdf>

Nokre regelverk og gruppeunnatak har eigne reglar for stønad til skipsbygging, sjå difor dei enkelte regelverk.

14. Regional transportstønad

Transportstønad kan ein gje i område med lav folketettleik som kompensasjon for *ekstra* transportkostnader.

Det kan berre vrete gjeve stønad til transport av varer som er framstilt av verksemdar med produksjonsstad i desse kommunane:

Sone 1

Alle kommunar i Nordland, Troms og Finnmark.

Nord-Trøndelag: Leka, Nærøy, Vikna, Flatanger, Fosnes, Overhalla, Høylandet, Grong, Namsos, Namsskogan, Røyrvik, Lierne, Snåsa, Inderøy, Namdalseid, Verran, Mosvik, Verdal, Leksvik, Meråker, Frosta og Steinkjer.

Sone 2

Sør-Trøndelag: Frøya, Midtre- Gauldal, Agdenes, Bjugn, Ørland, Rissa, Meldal og Gauldal.

Alle kommunar i Sogn- og Fjordane.

Hordaland: Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Austevoll, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Jondal.

Buskerud: Hemsedal, Ål og Hol.

Departementet har utarbeida nasjonale retningslinjer for regional transportstønad, sjå <http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/REGA/transport.pdf>

Ordninga skal forvaltast av fylkeskommunane og kan finansierast over kap. 551, postane 60 og 61. Den enkelte fylkeskommune må utarbeide utfyllande retningslinjer for ordninga.

Transportstønad er regulert av ESAs retningslinjer for offentleg stønad, del III, i kapitlet om National Regional Aid 2007-2013. Sjå også ESAs vedtak 143/07/COL

VEDLEGG 2

KRAV TIL INNHOLD OG INFORMASJON I TILSKOTSBREV

Ein søknad som er innvilga, skal stadfestast med tilskotsbrev. Nedanfor følgjer normalkrav for kva eit slikt tilskotsbrev skal innehalde. Fylkeskommunane, og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, kan tilpasse dette til sine egne system og kontrollrutinar.

- Namn og adresse til mottakaren, organisasjonsnummer, bank- eller postgirokontonummer
- Tilskotssum
- Formål og kva slags tiltak midla kan nyttast til
- Kostnadsoverslag som er lagt til grunn for tilskota
- Eventuelle vilkår som knyter seg til bruken av midla, medrekna krav til dokumentasjon før midla kan utbetalast
- Stønadskriterium og stønadsformer
- Tidsfrist for bortfall av tilskot
- Utbetalingstidspunkt, utbetalingsrutinar og behandling av eventuelt for mykje utbetalt tilskot
- Krav til at mottakaren sjølv kontrollerer at den utbetalte summen er korrekt
- Krav til rapportering, rekneskap og revisorattestasjon; resultatrapporteringa skal vera i høve til oppfølgingskriterium
- Krav til oppbevaring av rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotssum
- Opplysningar om eventuelle kontrolltiltak som kan bli sette i verk, også med tilvising til Stortingets løyvingsreglement § 10 og at Riksrevisjonen har høve til kontroll
- Moglege reaksjonsformer dersom mottakaren ikkje opptrer i samsvar med skriftlege føresetnader, til dømes tilbakebetalingar
- Dersom tilskot blir gitt som bagatellmessig stønad, skal ein oppgi dette.

Vi viser elles til *Reglement for økonomistyring i staten* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

VEDLEGG 3

Soneinndeling

Soneinndeling for det distriktpolitiske verkeområdet for regionale utviklingsmidlar frå 1. januar 2007

Fylkeskommune	Sone	Kommunane
Akershus	Sone I	Alle kommunane
Aust-Agder	Sone I	Lillesand, Arendal, Grimstad
	Sone II	Iveland, Birkenes, Froland
	Sone III	Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Vegårshei, Gjerstad, Risør
	Sone IV	Åmli
Buskerud	Sone I	Hurum, Røyken, Lier, Nedre Eiker, Øvre Eiker, Modum, Hole, Ringerike, Kongsberg, Drammen
	Sone III	Rollag, Flesberg, Krødsherad, Sigdal, Hol, Ål, Hemsedal, Gål, Nes, Flå
	Sone IV	Nore og Uvdal
Finnmark	Sone IV	Alle kommunane
Hedmark	Sone I	Elverum, Sør-Odal, Stange, Løten, Ringsaker, Hamar
	Sone II	Nord-Odal
	Sone III	Våler, Åsnes, Grue, Eidskog, Kongsvinger
	Sone IV	Os, Folldal, Alvdal, Tynset, Tolga, Engerdal, Rendalen, Stor-Elvdal, Åmot, Trysil
Hordaland	Sone I	Lindås, Øygarden, Meland, Osterøy, Askøy, Fjell, Sund, Os, Stord, Bergen
	Sone II	Austrheim, Radøy, Fusa, Bømlo, Sveio
	Sone III	Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Austevoll, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne
	Sone IV	Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal
Møre og Romsdal	Sone I	Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
	Sone II	Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
	Sone III	Sunndal, Tingvoll, Frei, Gjemnes, Averøy, Eide, Aukra, Sandøy, Midsund, Nesset, Rauma, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Norddal, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
	Sone IV	Aure, Smøla, Halså, Rindal, Surnadal
Nordland	Sone III	Bodø
	Sone IV	Alle kommunane unntatt Bodø
Nord-Trøndelag	Sone I	Stjørdal
	Sone II	Levanger
	Sone III	Inderøy, Verdal, Leksvik, Frosta, Steinkjer
	Sone IV	Leka, Nærøy, Vikna, Flatanger, Fosnes, Overhalla, Høylandet, Grong, Namsskogan, Røyrvik, Lierne, Snåsa, Namdalseid, Verran, Mosvik, Meråker, Namsos
Oppland	Sone I	Gran, Lunner, Jevnaker, Vestre Toten, Østre Toten, Gjøvik, Lillehammer
	Sone II	Øyer
	Sone III	Vang, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Etnedal, Sør-Aurdal, Nordre Land, Søndre Land, Gausdal
	Sone IV	Ringeby, Sør-Fron, Sel, Nord-Fron, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre
Oslo	Sone I	Oslo er i sone

Rogaland	Sone I	Karmøy, Tysvær, Rennesøy, Strand, Randaberg, Sola, Gjesdal, Time, Klepp, Hå, Bjerkreim, Haugesund, Stavanger, Sandnes, Eigersund
	Sone II	Bokn, Forsand
	Sone III	Vindafjord, Kvitsøy, Finnøy, Suldal, Hjelmeland, Lund, Sokndal
	Sone IV	Utsira, Sauda
Sogn og Fjordane	Sone III	Alle kommunane
Sør-Trøndelag	Sone I	Malvik, Klæbu, Skaun, Melhus, Trondheim
	Sone II	Orkdal
	Sone III	Selbu, Midtre Gauldal, Rissa, Ørland
	Sone IV	Tydal, Holtålen, Røros, Meldal, Rennebu, Oppdal, Osen, Roan, Åfjord, Bjugn, Agdenes, Frøya, Hitra, Snillfjord, Hemne
Telemark	Sone I	Bamble, Siljan, Skien, Porsgrunn
	Sone III	Hjartdal, Sauherad, Bø, Nome, Drangedal, Kragerø, Notodden
	Sone IV	Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tinn
Troms	Sone III	Tromsø
	Sone IV	Alle kommunane unntatt Tromsø
Vest-Agder		Sone I: Søgne, Songdalen, Vennesla, Mandal, Kristiansand
	Sone II	Lyngdal, Lindesnes
	Sone III	Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad, Audnedal, Åseral, Marnardal, Flekkefjord, Farsund
Vestfold	Sone I	Alle kommunane
Østfold	Sone I	Halden, Moss, Sarpsborg, Fredrikstad, Hvaler, Trøgstad, Spydeberg, Askim, Eidsberg, Skiptvet, Rakkestad, Råde, Rygge, Våler, Hobøl
	Sone III	Aremark, Marker, Rømskog

Oppdatert oversikt er å finne på heimesidene til Kommunal- og regionaldepartementet, sjå http://www.regjeringen.no/nb/dep/KRD/tema/Regional-_og_distriktspolitik/ virkeomrade/ Notifisert-virkeomrade-for-de-distriktspolitiske-virkemidlene-for-perioden-2007-2013.html?id=41779